

# **Referat frå årsmøtet i Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo**

5. mars 2019 i Lagsrommet, Rosenkrantz' gate 8 kl. 19.00

*Til stades på møtet var 21 (22 frå og med sak 3) personar. Alle oppmøtte hadde røysterett.*

*Skrivar: Anbjørg Myhra Bergwitz*

## **SAK 1 OPNING AV MØTET**

### **1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

### **1.2 Val av møteleiar**

Vedtak: Rita Sirirud Vatnehol vald til møteleiar.

### **1.3 Val av skrivar**

Vedtak: Anbjørg Myhra Bergwitz vald til skrivar.

### **1.4 Val av to til å skrive under møteboka**

Vedtak: Eirik Pettersen og Karianne Johansen valde til å skrive under møteboka.

### **1.5 Val av teljekorps**

Vedtak: Aleksander Breiby Herseth og Lasse Pettersen valde som teljekorps.

## **SAK 2 ÅRSMELDING FRÅ LEIKARRINGEN FOR 2018**

### **2.1 Melding frå Styret i Leikarringen**

Meldinga frå Styret i Leikarringen vart presentert av leiar Audun Grüner-Hegge

Desse hadde ordet i saka:

Aleksander Breiby Herseth, Audun Grüner-Hegge

Kommentarer:

- Ein innkoma endring til årsmeldinga frå Gunnvald Grønvik om at han frå årsmøtet til BUL i 2018 gjekk over frå nestleiar til ordinært styremedlem.

*Årsmøtet tok meldinga frå styret til vitande, med eitt endringsforslag, som nemt over.*

### **2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen, 2.3 Melding frå Søndansen og 2.4 Melding frå Bunadnemnda**

Årsmøtet tok meldingane frå Rådet, Søndansen og Bunadnemnda til vitande.

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjend med den nemnde endringa i meldinga frå styret over.

### **SAK 3 REKNESKAP FOR 2018**

#### **3.1 Rekneskap & 3.2 Balanse**

Rekneskap og balanse vart lagt fram av kasserar Simon Hesselberg Løvald. Karianne Johanesen kommenterte utgifta under "Jubileumskostnadar".

Desse hadde ordet i saka:

Simon Hesselberg Løvald, Audun Grüner-Hegge, Aleksander Breiby Herseth, Karianne Johanesen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Erik Hestnes

Kommentarer: Styret opplyste om at rekneskapstala som vart sent ut i forkant av møte berre var førebelse tal. Endeleg rekneskap vart ferdigstilt same dag som årsmøtet vart heldt. Endeleg rekneskap vart presentert for årsmøtet. Det kom ei oppfordring frå styret om at medlemer i større grad bør søkje stønad til deltaking på kurs.

Vedtak: Årsmøtet vedtek regnskapen for 2018, slik han er presentert, med dei merknadene som har kommet fram i løpet av årsmøtet.

### **SAK 4 PLANAR**

#### **4.1 Planar for 2019**

Planar for 2019 vart lagt fram av leiar Audun Grüner-Hegge.

Punktet 4.4. Hundreleik vart lagt fram av Solveig Brekke Hauknes

Desse hadde ordet i saka:

Simon Hesselberg Løvald, Lasse Pettersen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Torbjørn Bergwitz Lauen

Kommentarer: Styret oppfordrar medlemer til å kome med namnforslag til barnegruppa.

Innkommne endringar som bør gjerast i planane for 2019:

- Under framsyninga bør det nemnast at medlemer frå Leikarringen skal delta i framsyninga i løpet av Hundreleik-året, t.d. på Mimreleik, Småleik og Jubelleik
- Under punktet kappleikar bør det nemnast at Leikarringen planlegg å arrangere, og sjølve delta på, framsyningskappleiken i samband med Jubelleik

- Under punktet om Hundreleik har "Småleik og Hurraleik" falt ut frå planane, må leggast inn

Vedtak: Årsmøtet vedtok planane for 2019 med dei kommentarene som har kome inn.

## SAK 5 MEDLEMSPENGAR FOR 2020

Saka vart presentert av Audun Grüner-Hegge

Desse hadde ordet i saka: Audun Grüner-Hegge, Torbjørn Bergwitz Lauen, Anne Cathrine Johansen, Kjell Klausen, Anbjørg Myhra Bergwitz

### Kommentarer:

- Alle medlemsfordelene ved å være medlem i Leikarringen var ikkje lista i saksdokumentet, t.d. mange medlemsfordeler gjennom NU, dei to flotte medlemshyttene til BUL i marka
- Årsmøtet bad styret om undersøke kva aldersgrensa som vert operert med for barnelagsmedlemer
- Det vart kommentert at det er veldig vanskeleg å få tak i medlemsbeviset, styret gjev attendemelding til kontoret og ber om ei enklare løysing for dei utan Gnist-appen

Vedtak: Årsmøtet vedtok at medlemspengar for 2020 vert ståande uendra.

## SAK 6 BUDSJETT FOR 2019

Budsjettet vart lagt fram av Audun Grüner-Hegge og Simon Hesselberg Løvald

Desse hadde ordet i saka: Audun Grüner-Hegge, Simon Hesselberg Løvald, Anbjørg Myhra Bergwitz, Karianne Johansen

Kommentarer: Det vart stilt spørsmål om kvifor ikkje Hundreleik-budsjettet vart synt fram i budsjettet for Leikarringen. Det var litt fram og tilbake om korleis ein skulle synleggjere utgiftene og inntektene fra Hundreleik-arrangementa. Det vart konkludert med at ein burde synleggjere det i eigne postar - ein post for Hundreleik-inntekter og ein post for Hundreleik-utgifter og ikkje la dette inngå i dei øvrige postane i Leikarringen sitt budsjett og rekneskap. Styret og Hundreleik-nemnda tek dette med seg i sitt vidare samarbeid.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samråystes budsjettet for 2019, med forståing for omfanget av Hundreleik både planmessig og økonomisk

## SAK 7 VAL

Valnemnda si innstilling vart lagt fram av Rita Sirirud Vatnehol

Valet vart gjennomført med dette resultatet:

### Styret i Leikarringen:

Leiar (1 år): Audun Grüner-Hegge

Ein styremedlem (2 år): Solveig Brekke Hauknes

To varamedlemer (1 år): Marta Lindvik, Rita Sirirud Vatnehol

Ikkje på val i 2019: Aleksander Breiby Herseth, Simon Hesselberg Løvald

### Bunadnemnda (valt for eitt år):

Åse Wethal Holen, Anne Cathrine Johansen, Sigrid Kjøbli

### Rådet i Leikarringen:

Karianne Johansen (valt for 2 år), Lasse Pettersen (valt for 2 år) og Anbjørg Myhra Bergwitz (valt for 2 år). Anne Cathrine Johansen (ikkje på val) og Rune Hernes Bjerke (ikkje på val)

### Valnemnd for 2020 (valt for 1 år):

Audun Stokke Hole, Eva Fischer Hansen og Torbjørn Bergwitz Lauen

### Årsmøtet oppfordra styret til å ta ein gjennomgang av vedtekten til neste årsmøte:

- Bør endre kommentar om barnelagsstyrefolk
- Bør vurdere kven som er aktuelle for Rådet og om ein skal halde fram med å ha eit Råd for Leikarringen
- Innspill om at ein bør vurdere å gjere skilnad på 1. og 2. vara
- Feil i notatet for val til Rådet (kor mange kryss ein skal settja) - endrast til neste år

---

Eirik Pettersen

Dato, underskrift

3/3-2019 Eirik Pettersen

Karianne Johansen

Dato, underskrift

1/4-19 Karianne Johansen